

Dato: 03.07.2026

## Vedlikehold og sikring av Klosterbrygga

Me viser til tidlegare telefonsamtale vedrørende Klosterbrygga ved Halsnøy Kloster, der kommunen stadfesta at nødvendig vedlikehold av eksisterande anlegg ikkje er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Me er no i gang med nødvendig vedlikehalds- og sikringsarbeid på Klosterbrygga, då brygga over tid har fått omfattande skadar som følgje av storm, sjøgang og utvasking.




*1 Satelittbilde Klosterbrygga*

Brygga ligg utsett til for sjø og uvêr. Over tid har dette ført til at steinmassar er vaska ut frå brygga, slik bileta under viser.



Skadane har òg gått ut over delar av overflata. Heller og grus er fleire stader vaska vekk, særleg i starten av brygga. Dette gjer tilkomsten vanskelegare, og til dels utrygg, særleg for personar med nedsett mobilitet.



Sunnhordland Museum og Vestland fylkeskommune har vore på synfaring og Sunnhordland Museum har sett av midlar til arbeidet for å sikre brygga. Slik tilstanden er i dag, vil alternativet vere å stenge brygga for ferdsel. Årsaka er fare for personskade, mellom anna fordi ei av dei større hellene er så mykje undergraven at ho kan skli ut medan det står personar på henne.

I tillegg ligg det ein skålgropstein frå bronsealderen i Klosterbrygga. Steinen er omtala i Sunnhordland Museum si kulturløype for Halsnøy Kloster, og er ein del av kulturminneverdiane i området. Arbeidet skal utførast slik at steinen vert verna, og slik at vidare utvasking av brygga ikkje fører til skade eller forskyving av steinen.

Det ovanfor omtala arbeidet vert etter vår vurdering rekna som nødvendig vedlikehald og sikring av eksisterande brygge. Som ein del av det same vedlikehalds- og sikringsarbeidet ser me behov for å reetablere ein låg skjermende steinmur/bølgjebrytar i framkant av brygga. Føremålet er å hindre at utvaskinga held fram, og å redusere risikoen for at brygga på nytt må murast opp etter storm og sjøgang.

Sunnhordland Museum har opplyst at det tidlegare har stått ein bølgjebrytar på same stad, men at denne vart øydelagd av uvêr for lenge sidan. Reetableringa er difor meint som tilbakeføring av ein tidlegare eksisterande sikringskonstruksjon, ikkje som etablering av eit nytt tiltak. Muren vil bli låg, om lag på høgd med flo sjø, og vil ha som funksjon å ta av for presset frå bølgjene og hindre vidare utvasking av eksisterande brygge.

Biletet under viser steinmassar som etter opplysningar frå Sunnhordland Museum tidlegare har vore ein del av brygga og den tidlegare bølgebrytaren. Steinane er over tid blitt flytta innover mot stranda som følge av stormar og sjøgang.



Klosterbrygga er mykje nytta av både fastbuande og tilreisande, særleg i sommarhalvåret. For å unngå stenging og sikre trygg ferdsel for ålmenta, er det viktig at nødvendig vedlikehald og sikring kan gjennomførast utan unødig opphald.

På bakgrunn av dette ber me om ei skriftleg stadfesting frå kommunen på at det ovanfor omtala arbeidet, inkludert reetablering av låg skjermende steinmur/bølgebrytar, kan gjennomførast som nødvendig vedlikehald og sikring utan krav om søknad etter plan- og bygningslova.

Med venleg helsing

Kjell Ståle Tofte  
Halsnøy Trelast AS  
Tlf: 95 14 66 15